



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet
Møtedato 03.12.2018
Møtetid: Kl. 12.00 - 13.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Følgjande medlemmer møtte:

- Solveig Vassenden (leiar)
- Svein Røseth
- Bjørg Solvang
- Oddbjørg Hisdal
- Solveig Sjursen

Andre som var til stades i møtet:

- Heidi Fossdal (sektorleiar oppvekst/møtesekretær)
- Charlotte Hageberg (rådmann) orientering budsjett. Første del av møtet
- Øyvind Røen (fungerande ordførar). Første del av møtet.

Møteleiar:	Solveig Vassenden
Møtesekretær:	Heidi Fossdal

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 04.12.2018

Solveig Vassenden
leiar i utvalet

Heidi Fossdal
sektorleiar oppvekst

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2018	18/1713	Faste saker	
004/2018	18/556	Uttale til budsjett 2019	

SAKNR. 003/2018: Faste saker

03.12.2018 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Orienteringssaker

St.meld. 15: «Leve hele livet»

Eldrerådet fekk ei kort orientering om mål og innhald i stortingsmeldinga. Reforma «Leve hele livet» «Reforma «Leve hele livet» skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at de får god hjelp når de har behov for det, at pårørende kan bidra utan at de blir utslitt og at ansatte kan bruke sin kompetanse i tjenestene. Meldingens hovedfokus er å skape et mer aldersvennlig Norge og finne nye og innovative løysningar på de kvalitative utfordringene knyttet til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, sammenheng og overganger i tjenestene.»

Regjeringa legg opp til ein prosess der kommunestyra handsamar og vedtek korleis løysingane i reforma skal innførast. Vidare startar arbeidet med gjennomføring. Reformperioden startar 1. januar 2019 og held fram i fem år me ulike fasar for planlegging, gjennomføring og evaluering.

Målgruppa er eldre over 65 år som bur heime eller i institusjon.

I Samnanger må ein gå gjennom tilboda ein har i dag. Døme på aktuelle spørsmål kan vera:

Korleis kan ein gje tryggleik til den enkelte slik at det er mogeleg å bu heime?

Korleis kan ein ivareta eiga helse?

Er det område som fungerer godt og som ein kan halda fram med?

Er det område der det er trong for å setja inn tiltak?

Kva kan ein forventa av den enkelte innbyggjar?

Lista ar ikkje utømmande.

Eldrerådet ynskjer å vera ein aktiv part i dette arbeidet. Dei etterspør også i kva grad kommunen kan vera til hjelp når det gjeld å skaffa ulike hjelpemiddel i heimen. Dei kjennet il at dette er eit tilbod i andre kommunar.

Trafikkurs for 65+

Statens vegvesen held oppfriskingskurs om bilkjøring. Kurset er teoretisk og det er ikkje prøve eller liknande til slutt. Målet med kurset er å auka trafikktryggleiken.

Eldrerådet har teke initiativ til eit slikt kurs i Samnanger. Kurset er for sjåførar i alderen 65+. Det vert gjennomført kurs i Høgspenta (biblioteket) 23. og 24. januar.

Påmelding innan 15.01.19 til Solveig Vassenden mobil 48124648.

Eldrerådet står for enkel bevertning. Kurset er gratis.

Leiar i Eldrerådet syter for lysing i Samningen straks over nyttår.

Utvalet sitt kvarter

Eldrerådet etterlyser kor langt prosessen som gjeld legevaktordning Osterøy/Vaksdal og Arna er komen.

Tidlegare er Eldrerådet orientert om at ein skulle sjå på mobilløysing når det gjeld nøklar til husværa til pasientar som treng heimesjukepleie.

Eldrerådet ynskjer ei tilbakemelding om dette framleis er under arbeid.

ELD- 003/2018

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 004/2018: Uttale til budsjett 2019**03.12.2018 Eldrerådet:**

Handsaming i møtet:

Eldrerådet drøfta framlegget til budsjett og samrøystes uttale til budsjettet.

ELD- 004/2018 Vedtak:

Auke i pris dagsenter. Eldrerådet har drøfta tiltaket og støttar auke i prisen for dei som nyttar dagsenteret. Pris: 80,- + middag 110,- , samla sum 190,-.

First responder: Eldrerådet støttar at det vert gjort ein analyse som gjeld tilbodet kring First responder. Vidare ynskjer rådet at First responder- tilbodet er på plass som i dag fram til analysen er klar, og at det då vert gjort ei ny vurdering. Eldrerådet ynskjer å ta del i denne vurderinga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak i saka.